

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE - 011	16/181

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2017	Valstyret	PS	03.05.2017

Førehandsrøysting

Forslag til vedtak:

I Modalen kommune skal førehandsrøystinga føregå på Kommunehuset (formannskapsrommet) frå kl. 10.00 – 14.00 på arbeidsdagar.

Det vert halde ope for førehandsrøysting laurdag 02.september frå kl 11.00 – kl 14.00.

Som røystemottakarar ved førehandsrøysting, ambulerande røysting og røysting på sjukeheimen vert oppnemnd tilsette i administrasjonen valt: Anneli V. Lilletvedt, Ida Fosse, Oddvin Neset, Eva Stamnes, Ove Sæbø, Liv Eide, Kjell Langeland og Tone S. Skuggevik.

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar.

Førehandsrøysting på Modalstunet og ambulerande røysting vert organisert og kunngjort av sekretæren for valstyret.

Saksopplysningar:

Den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august. I tillegg kan veljarar som ikkje kan røysta i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, venda seg til kommunen og få avgje røyst frå 3. juli og fram til førehandsrøystinga startar 10. august.

Det er valstyret som fastset kor det skal vere mottak av førehandsrøyster, men det er eit lovfesta krav at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei held til (ambulerande røysting).

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar. Likeins må tidspunktet for ambulerande røysting tilpassast når ein har oversikt over

søknadane.

Fristen for å godkjenna forhåndsstemmer vert flytta frå valdagen kl. 21 til tirsdag etter valdagen kl. 17.00. Fristendringen skal sikra at flest mogeleg forhåndsstemmer avgitt innafor loven sine fristar tel med i valoppgjeret.

Valstyret - 009/2017

VS - behandling:

Samrøystes

VS - vedtak:

I Modalen kommune skal førehandsrøystinga føregå på Kommunehuset (formannskapsrommet) frå kl. 10.00 – 14.00 på arbeidsdagar.

Det vert halde ope for førehandsrøysting laurdag 02.september frå kl 11.00 – kl 14.00.

Som røystemottakarar ved førehandsrøysting, ambulerande røysting og røysting på sjukeheimen vert oppnemnd tilsette i administrasjonen valt: Anneli V. Lilletvedt, Ida Fosse, Oddvin Neset, Eva Stamnes, Ove Sæbø, Liv Eide, Kjell Langeland og Tone S. Skuggevik.

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar.

Førehandsrøysting på Modalstunet og ambulerande røysting vert organisert og kunngjort av sekretæren for valstyret.